Naturvernforbundet
i Møre og Romsdal

Tingvoll, 16.11.2026

NVE
Nve@nve.no

HØYRINGSFRÅSEGN 202320339 – REGULERING AV KROKVATNET I AURE KOMMUNE

Naturvernforbundet ønskjer å levere fråsegn i denne saka.

Dette er tilsynelatande eit bagatellmessig tiltak som ikkje skapar problem for nokon, kan ein tru, før ein ser nærare på saka. Det er ikkje slik. Eller ein veit ikkje om det er slik.

Frå rundt 2000 og ein periode på ca. 20 år blei det bygd småkraftverk i store mengde i heile landet. Kvar for seg såg det ofte uskuldig ut. Kva den samla verknaden har blitt, veit vi lite om. Dei få som har kome med søknader i seinare tid har ikkje tatt særleg ansvar for å finne ut av samla verknad NML § 10). Norske mynde har i denne saka som andre liknande ikkje gjort så veldig mykje for å klarlegge samla verknad. Det som verka å vere akseptabelt for eitt vassdrag treng ikkje vere greitt om det er hundre vassdrag som har vore utsett for det same. Det som ein ikkje merka negative verknader av dei første 5 åra, korleis ligg det an etter 25 år?

Når ein hadde bygd ut vassdrag med «triviell natur» for å spare den som var meir sjeldan, har ein med det klart å halde «triviell natur» unna raudlista? Det veit vi vel ikkje alt om.

Storlom
I denne søknaden blir det vist til at storlom ikkje lenger er på raudlista. Når ein går til Artsdatabanken, finn ein dette: *«Det finnes ingen kvantifisert kunnskap om pågående bestandsendringer for arten i Norge. Bestandsnedgangen som var et resultat av kraftutbygging skjedde i hovedsak for mer enn 20 år siden. I Sverige er bestanden på ca. 12 400 individer (SLU Artdatabanken 2020), og er relativt stabil (Green et al. 2020).»*[1]
Problemet tidlegare var altså at bestanden minka såpass mykje at det slo ut på kriteria. Viss nedgangen er mindre, så slår ikkje dette ut på kriteria før bestanden har blitt svært låg og det treff eit anna kriterie. At det moglegvis ikkje er nokon stor nedgang no er ikkje det same som at alt er greitt. Ein mindre nedgang slutter når den siste storlommen er borte. Så ille er det ikkje, men bestanden no er truleg lågare enn han var nokre år tilbake. Leveområde, særleg eigna hekkeplassar, er difor heilt vesentlege for storlom. Ei regulering av Krokvatnet vil over tid ha negativ verknad for storlombestanden i Krokvatnet og rimelegvis eit større område. At storlom druknar i fiskegarn er ei problemstilling som framleis finst. At fuglen er utsett for oljesøl er som tidlegare. Ei regulering av Krokvatnet slik at aktuell hekkeplass ikkje lenger kan nyttast vil vere negativt og føre til endring som er eigna til at arten kjem tilbake på raudlista.

[1] Stokke BG, Dale S, Jacobsen K-O, Lislevand T, Solvang R og Strøm H (24.11.2021). Fugler: Vurdering av storlom *Gavia arctica* for Norge. Rødlista for arter 2021. Artsdatabanken.
Hentet 06.11.2026 fra https://lister.artsdatabanken.no/rodlisteforarter/2021/31891

Vi ser elles at det no finst fleire registreringar av storlom og andre artar som ikkje er med i søknaden. Desse kan ein ikkje berre oversjå. På Artskart kan vi pr. 8.11.2026 telje 28 observasjonar knytt til Krokvatnet i perioden 1985-11.7.2026.

Frå søknaden: *«Det er heller ikke dokumentert at lommen har få hekkeplasser i Aure kommune som en såkalt lokal kjentmann hevder i følge Bioreg-rapporten. Aure kommune omfatter blant annet Ertvågøya, Tustna og Skardsøya som alle har et stort antall tjern og vann og det er stor sannsynlighet for at lommen hekker i flere a disse.»*

Kommentar til opplysningar i søknaden:
Dokumentasjon av om det er få eller mange hekkeplassar, eller fast bestand om ein vil sjå litt større på det, er søkjar sitt ansvar. At det finst mange tjørner er ikkje det same som at det finst storlom.

Når søkjar ordlegg seg: «en såkalt lokal kjentmann hevder». Så viser det ingen innsikt i korleis kunnskapen om naturen blir samla inn. Å bestemme ein storlom i kikkert på ganske kort avstand er noko dei fleste fugletittarar vil få til med litt trening. Viss det er grunn til å tru noko anna, så må det undersøkjast nærare. Observasjon av to fuglar samtidig i alminneleg hekketid må normalt oppfattast som mogleg hekking, så langt vi kan forstå.

Ved gjennomgang av observasjonar (51) av storlom i Aure 2025 og 2026 Finn vi berre to stader som peikar seg ut som potensiell hekkelokalitet. I tillegg til Krokvatnet gjeld dette fleire observasjonar heilt i nordaustenden av kommunen. Ved regulering av Krokvatnet er det potensial for at moglege hekkelokalitetar blir redusert med 1, eller at halvparten av hekkeplassane i kommunen kan bli øydelagde når ein seier det same på ein litt annan måte.

Når det gjeld dokumentering er det søkjar sitt ansvar å legge fram dokumentasjon. Det forsøket som følgjer av søknad er ikkje ein slik dokumentasjon.

Andre artar
Det er andre artar enn storlom som kan bli påverka av endra regulering og endra køyremønster i kraftstasjonen. Vi har sett etter elvemusling i dokumenta. Det er ikkje klårt for oss om det ligg til rette for at arten kan vere i dette vassdraget, men han finst ikkje så langt unna. Ål er ein annan art. Fiskemåke er ofte hekkefugl i slike område. Raudstilk og fossekall er eit tema. Fossekall er vel ein av artane som i størst grad er påverka av småkraftutbygginga. Det er mogleg at klimaendringar har verka motsett, noko som vil vere eigna til å gøyme vekk ein eventuell nedgang som følgje av småkraftverkutbygging.

Området omtala som Kjelå representerer natur som utvilsamt vil bli påverka av ei regulering. Det er sagt litt om insekt, men berre i generelle vendingar. Det er ikkje godt nok for ein stad som dette, når ein skal ha på plass ein kunnskapsbasis.

Dei registreringane som er omtala i biologirapporten finn ein i liten grad igjen på Artskart. Dette gjer det vanskelegare å etterprøve opplysningane. Det er ikkje mykje registreringar i området. Dette er ikkje bra nok når det er tale om regulering av vatnet.

Kartlegging av rikmyr
Det blir spekulert i ulike grenser knytt til kartlegging av rikmyr. Natur består ikkje av firkantar, men overgangar og nyansar som også kan endre seg i tid. Når kartleggar trekker dette ei bestemt lei, kan det vere at det like gjerne skulle vere trekt i ei anna lei. Det er også ein av grunnane til at ein bør kartlegge artsmangfald på stader som dette, i tillegg til naturtypar. Definisjon av naturtypar og ulike

vurderingar kan veksle over tid. Har ein god tilgang til opplysningar om enkeltartar, vil ein ofte få ei betre forståing av biologien på plassen. Skal ein først prøve seg på slike vurderingar, kan vi melde inn at Krokvatnet ligg slik til at det er utan vegar og andre tyngre inngrep mellom hav, snaufjell og Krokvatnet (Korridor frå fjord til fjell). Denne typen inngrepsfrie område er ikkje veldig vanlege.

Myr og reguleringssone
Vi finn lite om verknaden av reguleringstiltaket på både rikmyra og andre myrområde. Dette har mellom anna noko å seie for klimagassutslepp og erosjonssone.

Fisk og gyting
Vi kan ikkje forstå anna enn at moglegheitene for gyting vil bli påverka. Når det ikkje står noko meir om dette, så må temaet vere gløymt.

Vassdrag i Aure
I Aure kommune er det eit kraftverk i drift, Ålmo kraftverk, etter det vi klarar å tolke av vassdragskart. Det finst ytterlegare to som ikkje er i drift. Så finst det ein del oppdrettsverksemd som tar ut vatn. Vatna og vassdraga er små og fallhøgda er ikkje så stor. Dette tyder at vatn og vassdrag som er store nok er det knapt om i Aure. Ser ein etter, så kan ein ta med ei rad kommunar både i nord og sør som dette gjeld.

I søknaden står det at det er eit arbeid i gang for å utnytte vassdragsressursane i kommunen.

Dette har noko å seie for vurderinga etter nml §10.

Inngrep og kraftproduksjon
Kraftverket som finst i dag er lite. Utvidinga av produksjonen som er omsøkt er liten, forbruket til kring 50 husstandar. Ei regulering som fører til at produksjonen kjem i større grad på tidspunkt når det er knapt med straum får betydelege konsekvensar. Det skjer jo også noko i vassdraget ned for dammen. Jamnare, låg vassføring er unaturleg og vil ha ein negativ verknad. Dette er eit prosjekt der verknaden av inngrep er stor samanlikna med den produksjonen ein kan oppnå.

Konklusjon
Når det er så store og mange manglar med rapport og søknad, tenkjer vi at resten som står i dokumenta heller ikkje er så bra. Denne søknaden kan NVE sende i retur.

Negative verknader er store samanlikna med den produksjonsauka ein kan få til. Søknaden må avslåast.

Helsing

Øystein Folden
Fylkessekretær